



Produksjonsteamet



6 Petter Rong og Ole Martin Solsvik har produsert andakts- og gudstenestevideoar for Den norske kyrkja i Øygarden.



10 Kyrkja i 17. mai kortesje

4 Koronaen påverkar også arbeidet for kyrkjeleg tilsette

8 12 bibelvers frå kyrkjelyden

12 Olav Sørheim pensjonerar seg

14 8. mai markeringa

20 Glimt frå 17. mai markering ved Blomvåg kyrkje

Personalnytt



Arne Opheim (55) er tilsett fagarbeider i seksjon kyrkjer og gravplassar. Han skal også arbeide som kyrkjetenar. Han tok til i stillinga 4. mai. Arne er utdanna tømrar, har lenge hatt eige firma, og har brei erfaring med arbeid både på nybygg og med rehabilitering, også av historiske bygg. Han har hatt fleire prosjekt som inneber tett samarbeid med riksantikvaren.



Malgorzata Anna Tveit (50) er tilsett som kantor/kyrkjelydsmusikar i Fjell. Ho byrjar i stillinga 10. august. Malgorzata Anna Tveit arbeider i dag i 70 % stilling i Askvoll sokn. Margolzata har 5-årig klassisk utdanning frå musikkhøgskule i Polen. Utdanninga omfattar mellom anna komposisjon, musikkteori, harmonilære, pedagogikk og direksjon. Hovudinstrumentet hennar er piano.



Ny seksjonsleiar kyrkjemusikk
Kantor i Hjelme og Blomvåg sokn, Øystein Steinsland, er tilsett som seksjonsleiar kyrkjemusikk, i fellesrådet sitt møte 29. april. Han tiltrer stillinga når Olav Sørheim sluttar ved utgangen av mai. Stillinga som seksjonsleiar vert kombinert med kantorstillinga i Hjelme og Blomvåg.

Me ønskjer nye medarbeidarar velkomen i organisasjonen. Velkomen også til Øystein som seksjonsleiar.

Olav Martin Vik, kyrkjevevjerje

Digitale gudstenester

Me har no lov til å ha gudstenester med 50 deltakarar. Frå 15. juni vert dette auka til 200. På grunn av avgrensa deltakartal vil me fortsette med å produsere gudstenester digitalt, slik me har gjort fram til no. Her finn du informasjon om desse digitale tilboda. Dei vert lagt ut på våre Facebookprofilar og på vår nettside www.kyrkja.no/oygarden

- 7. juni blir det videoandakt ved Bjarte Nese frå Landro kyrkje
- 14. juni blir det videoandakt ved Morten Torsvik frå Fjell kyrkje

Gudstenester med 50 deltakarar og det er påmelding

Me kan no ha gudstenester med 50 deltakarar. Gudstenestene vert kortare enn vanleg. Det er påmelding. Du finn informasjon på vår nettside og der finn du også ordning for påmelding. Alle reglar for smittevern må følgjast i desse gudstenestene og det skal opplevast trygt å møte fram. Du kan ikkje delta dersom du er sjuk eller har luftvegsplager.

Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik
Kyrkjevevjerje/redaktør



Det er vemodig når dyktige medarbeidarar sluttar. Det er ein del i vår organisasjon som den siste tida har nådd pensjonsalder og me må berre erkjenne at ein ønskjer eit rolegare liv. Slik er det også for Olav Sørheim som i mange år har vore kantor i Fjell og den siste tida leiar for seksjon kyrkjemusikk i det nye fellesrådet. Eg takkar Olav for tenesta og ønskjer alt godt for dagane som kjem. Me kjem til å sakne han.

Når me kjem til 1. september vert det leiarskifte i denne organisasjonen. Det kjem me tilbake til i neste utgåve av bladet. Annlaug Børve som no er personalleiar hos oss vert då kyrkjevevjerje i Øygarden. Annlaug fylte 50 år 19.05. og me gratulerer med dagen.

Så er det denne koronatida. Heile vår organisasjon og alle andre i Den norske kyrkja måtte snu seg rundt og jobbe, for nokre på heilt andre måtar, med utgangspunkt i alle råd og pålegg som følgje av covid-19. Eg tenkjer me har kome godt ut av det. Det som har vore mest sårt er alle gravferdene som måtte og må fortsatt gå, med redusert oppmøte, og der knapt nok dei næraste kunne vere til stades.

Kyrkjelydane og barn og unge har ikkje kunna samlast i sine fellesskap. Det er sårt. No vil dette ordne seg litt etter kvart utover hausten.

Eg vil takke alle som har vist omsorg for våre medarbeidarar, alle våre medarbeidarar og alle andre som har stått på for å få alt til å fungere, innanfor dei rammer som vart gjort gjeldande frå 12. mars.

Eg ønskjer alle ein fin sommar.

**Men Herren vart mitt vern,
min Gud vart fjellet der eg
søker tilflukt**

Salme 94, 22

Andakt


**«Noen dager senere kom Jesus igjen til Kapernaum, og det ble kjent at han var hjemme.»
(Mark 2,1)**

Hjemmeskole, hjemmekontor, hjemmekarantene. Mye brukte ord de siste månedene, og mange har fått erfare hva det vil si å kombinere minst to av dem. Mye har skjedd hjemme, både på godt og utfordrende.

Men hva med «hjemmekirke»? Enhver krise kan også være minst en mulighet, og jeg håper at mange familier har fått smake på muligheten «hjemmekirke» i denne tiden. Ikke i motsetning til å etter hvert møtes i kirke og bedehus, men en «hjemmekirke» der Guds ord deles, bønner bes og relasjoner kan utvikles hjemme. Vi som er foresatte er tross alt de viktigste barne- og ungdomslederne for våre barn, og blir i denne tiden på en måte tvunget til å ta mer ansvar selv. Bibelen sier egentlig lite om barne- og ungdomsarbeid slik som vi kjenner det, men sier en del om at foreldre og besteforeldre kalles til å gi Guds ord videre til neste generasjon (5Mos 5,4-7). Dette er både en oppgave og en gave som vi er blitt betrodd. Tenk for en mulighet vi har i denne tiden, også midt i alt det som kan være kaotisk.

Den største «muligheten» er Jesus Kristus selv, og at han er hjemme hos deg som tror. Samtidig som at du har et ansvar for å dele troen videre, har han hovedansvaret og utruker den han kaller. Han er også hos den som ikke har andre rundt seg, for han «er nær alle som kaller på ham» (Salme 145,18).

Andreas Evensen
Dagleg leiar ImF-UNG



Illustrasjonsfoto: Unsplash.com

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut i 2020:

5. juni,
11. september,
9. oktober og
11. desember
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgevar: Øygarden sokneråd
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik
Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim
Trykk: Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontingent: Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer: 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Telefon: 55 09 74 40
E-post: post.oygarden@kyrkja.no
Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume
Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume
Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på: www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: kyrkjaoygarden

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg: Espen Sigve Tveten
E-post: et838@kyrkja.no
Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet: Erling Vik
E-post: erl-vik@online.no

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd: 976 995 430

Bankkonto for gaver til arbeidet i soknet: 3628.55.90870

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps

Koronaen påverkar også arbeidet for kyrkjeleg tilsette

I løpet av nokre timar etter torsdag 12. mars måtte Den norske kyrkja legge om arbeidet. Gudstenester og barne- og ungdomsarbeid måtte leggest om. Digitale plattformer vart kvardagen. Gravferder skulle gjennomførast, men under streng regulering. Me har bedt nokre tilsette skrive om sin kvardag under koronaen.

Å være prost i koronatid

Av Jan Tommy Fosse, prost i Vesthordland prosti



Mindre enn to uker etter oppstart som prost i Vesthordland, ble plutselig det meste snudd på hodet. Ikke bare i min jobb, men i

hele samfunnet. I flere måneder hadde jeg gledet meg til å bruke tid til å bli kjent med menighetene og medarbeiderne i prostiet. Det var mye jeg skulle lære, og det var jeg klar for å gjøre. Så kom 12. mars, en dato jeg sikkert kommer til å huske lenge.

Det er et privilegium å få være en del av et så flott arbeidslag som vi har i Vesthordland prosti. Frivillige og ansatte medarbeidere har brettet opp armene, gått den «ekstra mil», og gjort det de kan for at kirken, også i disse korona-tider, er det den skal være. Det har vært smertefullt å ikke kunne samles til gudstjenester og annet som vanlig, men kirken har likevel være tydelig nærværende gjennom utallige telefonsamtaler, gudstjenester og samlinger for barn og unge på nett, og i kirkelige handlinger som dåp og gravferd. Jeg vil gjerne uttrykke en stor takk til alle dere gode medarbeidere.



Og hva nå? Når dette skrives, er samfunnet sakte men sikkert i ferd med å gjenåpnes. På ett eller annet vis er vi på vei tilbake til normalen, eller kanskje heller en ny normal. Det skal bli spennende å se hva vi har lært, og hva vi tar med oss fra denne tiden. For kirken vil jeg tro at vi blant annet har lært en del om digitale gudstjenester og møteplasser. Kreativiteten har vært stor, og jeg ser for meg at dette er noe vi må jobbe med videre.

Men enda viktigere tenker jeg det er at vi har fått kjenne på hvor viktig andre mennesker er for oss. Når vi ikke får treffes, så gjør det noe med oss. Min bønn og mitt håp er at vi tar dette med oss inn i månedene og årene som kommer. Mennesker trenger fellesskap, og kirken ønsker å skape fellesskap hvor man opplever at man hører til. Inn i det fellesskapet er du hjertelig velkommen til å ta din plass. Ser frem til vi sees!

Musikkseksjon i unormal normaltid

Av Olav Sørheim, seksjonsleiar kyrkjemusikk



Alt fikk en bråstopp. Avlys alt. Hold dere hjemme. Fortsett å jobbe. Vær klar for seremonier.

Gjennomfør planlagte møter på telefon/video. Rapporter.

Vi har spilt i seremonier. Vi har spilt ved opptak kortgudstjenester for nettsider og facebooksider. Vi har øvd mer. Vi har hatt våre planlagte møter på telefon/video. Vi har ryddet på kontor og pc. Vi har planlagt mulige og umulige aktiviteter.

Vi savner møtepuntene. Korene, band, grupper. Kyrkjelydene. Vi drømmer om ny oppstart.

Vi tenker mye på alle mulighetene som har ligget delvis ubrukt der ute, før i tiden, før det dårlige været. De digitale arenaene med stort

nedslagsfelt. Vi tenker på at vi trenger nødvendig utstyr så vi kan være der. Vi tenker på at vi trenger noen medhjelpere som har den tekniske kompetansen. Da kan vi kanskje gjennomføre våre planlagte arrangementer uansett. Og publikum kan være med uavhengig av sivil status og førlighet og dårlig vær.

Og vi kan fortsette som før, om enn litt annerledes.

Kva er aktuelt nett no?

Av Espen Tveten, sokneprest



Når eg skal skrive noko om tida me er inne i, møter eg på eit problem allereie i første avsnitt. For kva er aktuelt nett no? Noko av det som

har prega koronatida, er at det som var aktuelt ei veke, allereie er gamalt nytt den neste. Det har vore raske endringar og langtidsplanlegging har vore umogeleg. Det gjekk så fort, så mykje vert endra.

Å vere open når døra er stengd

Kyrkja skal vera open for menneske i alle livsfasar. Særskild i kriser. Men ikkje no. Det har vore uverkelig og vondt å seia til pårørande at det ikkje er plass til barnebarn og søsken av avdøde i gravferder. Mange dåpar og vigslar er sett på vent. Konfirmasjonane vert utsett til september og Øygaardssong er avlyst for berre å nemna noko.

Samstundes har kyrkja vore open. Dette fordi ei kyrkje først og fremst er folka som høyrer til der. Me tenkjer så lett at kyrkja er eit bygg på ein konkret plass. Men kyrkja lever sjølv om ho er stengd – gjennom oss. Det er ikkje alltid me tenker så andeleg omsorga og omtanken vår for andre. Men for meg har det vorte ekstra tydeleg at det me gjer i det daglege, det er å vere kyrkje i praksis. Viss me set oss ned og koplar oss heilt ut, ja då vert kyrkja stengd. Når me ikkje kan dra til kyrkja, må me vere kyrkja.

Radio og nett

Me måtte raskt snu oss rundt og gjere digitale satsingar. Difor har nokon delteke

på gudstenester og andaktar meir enn nokon gong før i livet. Me ser at me har dekt eit stort behov og nådd breitt ut. Samstundes er ikkje alle komfortable med det digitale. Mange av dei me gjerne skulle halde andakt for, kjem seg ikkje inn på nettet.

Når det er vanskeleg med databruk, er radio og TV løysninga. Eg har her lyst til å gje ein takk til radiokanalen P7. Mange eldre seier at særleg P7 har vore viktig i denne tida.

Levande teologi

Svært mykje i Bibelen er skriven i tider med uro. Uro var normalsituasjonen både i det gamle og det nye testamentet. Det var krig, svolt, sjukdom, heimløyse og fangenskap. Heile livet for Jesus og læresveinane skjedde i ei tid med sterkt ytre press. Dette perspektivet kan gje oss ny innsikt i vår eigen bibelbruk i ei uroleg tid. Innhaldet i bibeltekstane er alltid det same, men måten me tar til oss innhaldet blir prega av den situasjonen me lever i. Levande menneske treng levande teologi. Bibelverser frå menneske i kyrkjelyden som vert delt i dette ØyNytt, syner oss at Bibelen vert levande og viktig i krisetider.

Dei langt borte

Atter ein gong er det dei svakaste som vert råka hardest. Ein indisk lege uttalte: «Handvask er eit privilegium, det betyr at du har innlagd vatn. Handsprit er eit privilegium, det betyr at du har pengar til å kjøpa det». Dei fleste måtar me handsamar pandemien på, er tilgjengelege for den rike vestlege verda. Koronakrisa kjem for dei fattige på toppen av andre kriser. Morialeiren og andre flyktningeleirar er døme på at dei svakaste er særleg utsette. Vi må stille opp for dei fattigaste, det er vår plikt. Og viss me ikkje stoppar viruset, vil det kunne slå attande der det var slått ned.

Ein annan trøyst

Kyrkja si stemme lyder i krisetider. Det finst allmennmenneskeleg trøyst, men kyrkjens viktigaste oppgåve er å gje ei trøyst ingen andre kan gje. Trøysta frå Gud seier at Jesus er håpet i verda. I Jesus er me forankra i noko stabilt og evig. I krisetider kan me grava oss ned i frykt og restriksjonar. Men Jesus gjev oss hjelp til å løfta blikket og sjå inn mot framtida med håp.

Bråstopp – og nye rom

Av Knut Kaldestad, prostiprest



I midten av mars vart det ein overraskande bråstopp – også i kyrkjelivet og for meg som prest. Eg var ikkje førebudd på dette: Vi fekk

ikkje lenger møtest ansikt til ansikt i Guds hus, til gudstenester og kyrkjekaffiar og andre samlingar. Eg hadde vore prostiprest i Vesthordland berre eit halvår før dette skjedde. Men eg saknar, som mange andre, å møte folk. Eg ville så gjerne vore saman med dokke eg har blitt kjent med og blitt glad i. Dette saknet fortel oss noko viktig. Den, dei eller det som vi saknar, var og er viktig for oss

Men så har det opna seg nye rom, nye måtar å kommunisere på: Eg fekk tid til å ta ei ringerunde eg har tenkt lenge eg skulle ta, mellom anna til nokre av dokke eg har møtt i gravferder sidan september. Eg fekk tid til å lese Bibelen og annan god litteratur. Det var fint å lese evangelia på langs og hovudbrev til Paulus. Eg var så heldig å få spele inn gudsteneste i Fjell kyrkje saman med ungdommar i Lukas Tensing. Vi prøvde å formidle bodskapen om Jesus som den gode gjetaren, i song og spel, i andakt, bøn og dans.

Dei siste dagane har eg arbeid med noko som har blitt kalla bibelsk «overlevingsguide» i ei koronatid. Guiden er eit forsøk på ei kristen livstolking i ei krise, med hjelp til å gje kvarandre livsmod og håp.

Kva kan vi lære av denne tida? Og ikkje minst: kva kan vi glede oss til, når vi kan ta kvardagane og helgene tilbake? Kollega Hans-Olav Mørk har sett ord på noko av dette i ein song, skriven 14. mars: «Vi skal møtes når dette er over, ved et bord i en smekkefull kafé, i en kirke, i midtgangens vrimmel mot Guds alter og det som skal skje. Vi skal feire og syngje og le.»

Produksjonsteamet

Når kyrkja ikkje lenger kunne ha vanlege gudstenester tok Petter Rong og Ole Martin Solsvik imot oppdraget om videoproduksjon og stilte opp med kamera og mikrofonar. Dei har produsert andakts- og gudstenestevideoar for Den norske kyrkja i Øygarden.

Tekst: Olav Martin Vik
Foto: Espen Tveten



Petter Rong og Ole Martin Solsvik har jobba myrkje med lyd og bilete for kyrkja i Øygarden dei siste månadane.

Petter og Ole Martin, kvifor tok de på dykk oppdraget med å lage opptak som kunne leggst ut på digitale flater?

Petter: –Me har arbeidd med lyd og bilde for kyrkja i andre samanhengar tidlegare, og fekk tidleg spørsmål om det ikkje var muleg å få til noko i Blomvåg kyrkje som kunne fungere som eit alternativ for gudsteneste då det ikkje lenger var mulig å møtast på vanleg måte. Eg er veldig glad

i å jobbe med lyd, og såg dette som ein mulighet til å få meir erfaring med opptak og eg kunne bruke mine ferdigheter til å skape noko for fellesskapet. Når me presenterte den ferdige videoen, fekk me veldig god tilbakemelding, og det vart tydeleg at interessa for eit slikt digitalt alternativ var å finne i dei andre sokna i Øygarden og.

Ole Martin: –Eg har hatt interesse for film og video lenge og har laga litt filmar for

ungdomsarbeidet i kommunen før i tillegg til å ha laga ein del filmar andre stader. So fekk me spørsmål om me kunne væra med på å ta opp ei andaktstund i Blomvåg kyrkje noko som eg syntes høyrdest gøy ut. Responsen på den var positiv og når me fekk spørsmål om å ta opp gudstenestene i april/mai så såg eg på dette som ein mulighet til å bruka dei gåvene som eg og Petter har fått til å bidra med i forkynnelsen i denne tida.

Kor mange timar går med til å lage eit opptak?

–Det varierer frå opptak til opptak, men me bruker gjerne 5-7 timer på opptaksdagen. Dette inkluderer køyring, opp- og nedrigg, organisering og opptak av tale, musikk og eventuelte andre innslag. Redigeringsjobben kan bli veldig variert. Prossessen kan ta alt frå 4-8 timer, avhengig av innslag, antall musikarar osv. All lyd frå mikrofonar skal miksast saman, alle videoar synkroniserast, og alt skal ende opp i ein videofil som skal publiserast. Dette tek i alt 12-15 timar.

Korleis har det vore å jobbe i forskjellige kyrkjer og med nye menneske omtrent kvar gong?

Petter: –Det har vore utruleg kjekt! Eg har fått besøkt kyrkjer eg ikkje har vore i på mange år, og til og med nokon eg aldri har vore i. Eg har og fått møtt mange flotte menneske som eg håpar å få treffe att. Det kjekkaste for min del er å oppleve dei ulike musikkuttrykka og songane som eg får vere med å spele inn med dei dyktige musikarane me har i kyrkjene. – Me har prøvd å halde formatet så og sei det samme, men det har vore nytt og variert innhald kvar gong.

Ole Martin: –Noko av det kjekkaste med dette har vore å møte dei ulike folka rundt om i kyrkjene, og det har vore spennande og utfordrande å halde på det same formatet for gudstenestene samtidig som

kvar prest og kyrkje legg ved sitt særeigne uttrykk i gudstenesta. Det har ført til at gudstenestene har både faste innslag og nye innslag kvar gong.

Tenkjer de at dette bør kyrkja fortsette med etter koronatida?

Petter: –Eg tenkjer det er lite å tape og mykje å vinne på å spre evangeliet på digitale flater, så det er noko eg oppfordrar kyrkja til å sjå på. Det må ikkje nødvendigvis vere i samme formatet som me har lagd, og det treng ikkje å "konkurrere" med gudstenester eller fellesskapet i kyrkja. Det er mange måtar å forme innhald som kan nå ut til mange på sosiale medier, og i vår digitale tidsalder er det heldigvis eit hav med ressurser og læremateriale tilgjengeleg for å kunne starte slike opplegg

Ole Martin: –Sjølvsagt om Gud og evangeliet er det samme via skjermen og når me treffest i kyrkja, så er fellesskapet me har i lag når me møtest i same rom mykje sterkare enn når me er bunden til å ha fellesskap gjennom skjerm. Difor vil ikkje den digitale platforma kunna erstatta den tradisjonelle møteplassen, men det er ein god måte å nå ut med evangeliet på til nye menneske. Det er mange måtar å gjere dette på og eg trur det kan vere spennande for kyrkja å halde seg oppdatert, på den digitale platforma.



Opptak av 17. mai gudsteneste framfor den nyrestaurerte Hjelme gamle kyrkje. Her med sokneprest Espen Tveten og ordførar Tom Georg Indrevik.

PETTER RONG

- 20 år
- Bur på Rong
- Dagleg leiar av RSV (Rong Sound & Vision)
- Kvifor interesse for lyd og bilde: –Eg er musikar, og interessen for lyd kom naturleg nok av at eg ville få god lyd når eg spelar, og siden har eg satt meg inn i opptak og redigering

OLE MARTIN SOLSVIK

- 20 år
- Bur på Blomvåg og på Framnes
- Jobbar som miljøarbeidar på Framnes Kristne VGS
- Dagleg leiar av Solsvik media
- Kvifor interesse for lyd og bilde: –Eg har alltid vore fascinert av gode filmar og korleis dei vert laga. Dette har ført til utallige timar der eg har sett på behind the scenes av ulike filmar og det har gjort at eg har lyst til å lage filmar sjølv.



Regnet hindrar ikkje produksjonen.

12 bibelvers frå kyrkjelyden

Bibelen gjev trøyst og rettleiing til ulike livssituasjonar. Etter at koronaviruset byrja å plaga oss, vert ulike menneske utfordra til å dele meiningsfulle bibelvers.




Bjørg Fjeldstad

Mitt bibelvers er frå Efesarane 2. 8-10:

"For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryte av seg sjølv. For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei."

Dette skal me berre få takke for og kvile i.



Matilde Solsvik

"Alt maktar eg i Han som gjer meg sterk." Fil. 4:13

Då eg gjekk siste året på Kongshaug Musikkgymnas vart dette verset spesielt viktig for meg. Venane mine og eg vart svært inspirert av Paulus og hans haldning til livet. Om han hadde det godt eller vondt i livet, så visste han at han kunne komme seg igjennom det med Jesus ved hans side. Liva våre er ikkje slik som Paulus sitt var, med det er ei slags berg- og dalbane. Eg og venene mine starta å skrive dette verset ned på handa, slik at vi alltid skulle hugse på kva styrke vi har i Jesus. Vi vart minna på å be og å sjå bønnesvar. Eg skriv ikkje verset like ofte på handa, men eg har alltid dette verset med meg og spesielt i denne merkelege tida. Om eg har det bra eller om dagane er utfordrande, så veit eg at eg skal komme meg igjennom det med Jesus på laget.



Mons-Arle Toft

Fil. 4,6-7: *"Ver ikkje urolege for noko, men legg alt de har på hjarte fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus."*

Bekymringer er noko som dei fleste av oss kjenner til. Desse kan koma av ulike grunnar, både åndelege og lekamelege. Frykten for koronasmitte som vi no opplever, kan gjera oss urolege. Då er det godt å få kvila i Guds løfter.



Grete Dāvøy Dale

Eg vil dele eit bibelvers som har vore godt for meg når eg har det litt vanskelig.

Salme 4,9: *"I fred vil eg leggja meg ned for å sova. For du Herre, berre du let meg kvila trygt. Det er så godt å kunne berre leggja seg trygt ned for å kvila når ein veit at Herren er der og gir meg sin fred. Då veit eg at eg kan kvila trygt"*



Olaug og Bjarne Skjold

Her kjem vårt bidrag: *"Ber børen for kvarandre og oppfyll på den måten Kristi lov"* Galatarbrevet 6.2

Presten talte over dette verset i bryllupet vårt. Gode og sentrale ord å leva etter i eit langt samliv. Den tyngste børa vår, synda, tok Jesus med opp på krossen-takk og atter takk Tankane våre går ofte til dei som bur i overfylte flyktningeleirar. Dei har og bærer- tunge bærer! Kan me hjelpa dei?



Matilde Dale

Johannes åpenbaring 21.4: *«Han skal tørke bort hver tåre fra deres øyne, og døden skal ikke være mer, heller ikke sorg eller skrik eller smerte. For det som en gang var, er borte»*

Dette har vært mitt favorittvers så lenge eg kan huske. Eg får ofte spørsmål om korleis eg kan tru på ein Gud som tillater alt det urettferdige og vonde som skjer i verden. Ein verden der unge mennesker dør, barn blir sjuke. Og ein verden der mennesker no lider av korona-viruset. Derfor syns eg dette verset kan være spesielt godt og trygt å lese. Sjølv om ting ikkje er bra no, så skal det EIN DAG bli bra.



Gisle Rong

Job 5.8-9: *"Sjølvs ville eg heller ha vendt meg til Gud, ja, til han ville eg ha overgjeve mi sak, han som gjer storverk ingen kan granska, og under ingen kan telja."*

Eg opplever at det gjev ro, tryggleik og kvile i å kunne overgje "mi sak", kva enn den er, til Gud.



Elise Karlsen

«Herren skal stride for dere, og dere skal være stille.» 2. Mos 14:14

I denne tiden har det for mange dukket opp nye problemer, og bekymringene tårner seg opp. Jeg tror at vi ofte har lett for å fortelle Gud hvordan Han skal løse problemene våre. For meg formidler dette verset at vi i stillhet kan ha tillit til at Gud har kontroll og vet hva vi trenger til enhver tid. «En stille stund med Jesus, og hjertets uro flyr.» skriver Lina Sandell i en sang. Kanskje kan vi bruke denne tiden til å øve oss i å være stille for Herren.



Monica Breivik

Filipperbrevet 4,6:

"Vær ikke bekymret for noe! Men legg alt dere har på hjertet, fram for Gud. Be og kall på ham med takk."

Jeg syns det er viktig å huske på å takke Gud for alt det gode han gjør for oss i hverdagen. Selv i disse tider der mye ser svart ut er det små mirakler rundt oss hele tiden, mann må bare huske å se etter dem.



Aina Hellesund

Jeg har valgt ut bibelvers fra Efeserbrevet 1.17-19. *«Jeg ber om at vår Herre Jesu Kristi Gud, herlighetens Far, må la dere få den Ånd som gir visdom og åpenbaring, så dere lærer Gud å kjenne. Måtte han gi deres hjertes øyne lys, så dere forstår hvilket håp han har kalt dere til, hvor rik og herlig arven er for de hellige, og hvor veldig hans kraft er hos oss som tror»*

Dette er vers som jeg stadig kommer tilbake til. Det er godt å lese denne bønne som gir meg et fokus på å komme enda nærmere Gud og lære Han å kjenne. Slik kan jeg være trygg på at Han gir meg det jeg trenger for å gå i tjeneste for seg. Ved å forstå målet kan vi bli enda mer frimodige og la Hans kraft virke gjennom oss.



Kari Sandøy Rong

Eg vil dele mitt favorittvers sidan konfirmasjonstida.

Jeremia 29,11: *"For eg veit kva tankar eg har for dykk, seier Herren. Fredstankar og ikkje ulykkestankar. Eg vil gje dykk framtid og håp."*


Dette verset fekk eg som helsing i konfirmasjonstida, og har fylgt meg sidan - altså i snart 40 år! Eg har alltid syns det er så trygt å vita at eg er i Guds hender uansett. Han har ei framtid og eit håp for meg, og vil meg det beste. Det skjer ting, og alt er ikkje berre fryd og gammen så lenge me er her på denne jord. Men allikevel kan eg, og du, få kvile i desse orda kvar dag. Tenk så heldig me er!



Bjørg Blom

2. Tim 1,7. *« For Gud gav oss ikkje ei ånd som verkar motløyse, men ei som verkar kraft og kjærleik og visdom.»*

Lat oss ikkje fyllast med mismod i denne vanskelege tida, men med Guds nåde og kjærleik. Som han har omsorg for oss, skal me bry oss om kvarandre!



Kyrkja i 17. mai kortesje

Kyrkja stilte mannsterkt opp i kortesjen som gjekk føre seg 17. mai. Innslag hadde namnet «Kyrkja – for heile livsreisa» og me nytta ein trebåt. Me ville få fram til alle, frå dei yngste til dei eldste, høyrar til i kyrkja og hos Gud.

Tekst og foto: Espen Tveten


Ei utstillingsdokka vart pynta og i armane hadde ho ei dokke som var dåpsbarn. I ein minibuss satt nokre av årets konfirmantar i kvite kapper med slagordet «Korona-konfirmant. Vi tar vipps». I bilen som trakk båten, satt Espen prest og eit brudepar. For å få med alle aldersgrupper, vart til slutt ein gyngestol festa i båten.

Turen starta på Hellesøy og vart avslutta på Vindenes. Med mange avstikkarar undervegs, tok årets 17. mai-tog tre og ein halv time. Det vart ein feststemt og anleis tur gjennom kommunen.

Takk Olav!

Etter 45 år på orgelkrakken i Fjell kirke pensjonerer Olav Sørheim seg. Han har vært aktiv i det musikalske miljøet i kirken, med både kor, kirkebrass og konserter.

Tekst: Olav Martin Vik
Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Olav, når du skal se tilbake på tiden som kantor, hva sitter du igjen med av inntrykk?

Jeg kjenner mest på de store forandringene som har skjedd i perioden fra 1975 fram til i dag. Det er de fysiske forandringene i landskapet. Infrastruktur, kommunikasjon, urbanisering. Hele øysamfunnet er nærmest blitt en forstad til Bergen og Straume by blir snart Europas navle, er det håp om. Så tenker jeg på utviklingen i organiststillingen. Den startet som en del organist, en del lærer, en del song- og musikkleiar. I dag er vi en musikkseksjon med fem kantorer i tett samarbeid i plan og handling med hele Øygarden fellesråd som virkeområde, i samkjøring med alt det andre som skjer i stab, fellesråd og sokneråd.

Hva var det som førte til at du kom til Fjell, og ble værende?

I 1975 gikk jeg 3. året på Bergen Lærerskole, musikklinjen. Til høsten startet

studier kirkemusikk ved Bergens Musikkonservatorium. Domkantor Magnar Mangersnes var min orgellærer på den tiden. Han nevnte for oss som holdt på med orgel at der var lyst ut en organiststilling ute i Fjell kyrkje i Fjell Kommune, om noen av oss kunne tenke oss å sende en søknad. Kanskje den kan gå parallelt med studier tenkte jeg. Slik ble det. Jeg søkte. Ble ansatt under tvil, siden jeg var så ung og ikke hadde formell kompetanse. Det å ha «eget» orgel til fri disposisjon var rett og slett hovedgrunn for min søknad, dernest at videre studier kunne finansieres uten mer studielån.

I 1979 var jeg ferdig utdannet kantor. Det var en opplagt tanke i Fjell at faren for at jeg ville søke meg bort var overhengende. Jeg jaktet på full stilling og et anstendig orgel og meldte det. Slik ble det og slik gikk det, i Fjell. Siden har arbeidet i Fjell

kyrkje, Fjell sokn og Fjell fellesråd og nå Øygarden fellesråd alltid vært i bevegelse.

”Aldri ro. Stadig noe nytt. Alltid muligheter for å finne på ting. Aldri kjedelig.

Arbeid med Fjell kyrkjekor og Lukas Tensing den første tiden, siden Sotra Reviderte og Fjell kyrkjebrass og Fjell barnekor i samarbeid med andre. En rimelig god instrumentpark i alle kirkene, lydanlegg og bildeanlegg. Det har vært viktige faktorer. Klokken har aldri gått seint i denne posisjonen. Kjedelig er fremdeles et fremmedord.

En organist deltar i sorg og glede i kirkerommet, blir du påvirket av det?

Jeg blir påvirket, uten var man vel ikke helt normal. Begravelsesseremonier er i hodet grå, summen av svart og hvit, trist, med høydepunkt en svart grav. Ikke akkurat lystig. Likevel: Oppstandelsens løfte står fast og man går videre i dette håpet. Gleden i glade seremonier og hendelser gjør fargene i hode lyse og varme. Gode og glade hendelser i kirken kan henge i kroppen i dagevis, gudstjeneste, bryllup, dåp, konfirmasjon, konsert. Man får et rimelig realistisk bilde av livets realiteter, farger, følelser og skiftninger i alle varianter. Og midt i dette er jeg.

Du har vært kantor, du har dirigert kor og kirkebrass, hva skal du nå bruke tiden på?

Det vet jeg sant og si ikke helt. Jeg har ikke så godt talent for å kjede meg. «Der du går skal din vei, åpnes for deg». Det satser jeg på.

OLAV SØRHEIM

- Har vært ansatt som organist i Fjell kirke siden 1975
- Er gift, har 5 barn og 3 barnebarn
- Bor på Kolltveit
- Har lærerutdanning og kantorutdanning
- Var med å starte Sotra Reviderte i 1979 og Fjell kyrkjebrass i 2007
- Har vært leder for kirkemusikk i Øygarden kyrkjelege fellesråd

Helsing frå Olav Martin Vik, kyrkjevevjerje og Annelaug Børve, personalleiar

Når Olav no går av med pensjon, 45 år etter at han vart tilsett som organist i Fjell, kjennest det meir som vi skal takke av ein institusjon enn ein enkeltperson. Olav har skapt så uendeleg mykje positivt rundt seg i tenesta si. Han har vore lydhør for ønskje og initiativ frå kyrkjelyden, og inspirert til deltaking og engasjement. På denne måten har Olav vore sentral i det kyrkjelydsbyggande arbeidet i Fjell. Vi vil takke Olav for den store innsatsen og det gode arbeidet han har gjort gjennom si lange teneste. Vi ønskjer han gode dagar som pensjonist. Vi kjem til å sakna han i arbeidsfellesskapen.

8. mai markeringa



Tekst og foto: Ottar Vik

Dagen starta på Hjelme

8. mai-markeringane starta ved Hjelme gamle kyrkje, der det var varaordførar Atle Dāvøy som talte.

8. mai 1945 var for dei aller fleste ein gledens dag. Noreg vart fritt etter vel fem år med krig og okkupasjon. Likevel var denne dagen også ein tung dag for mange. Nokre kom aldri heim i live og fekk ikkje oppleve denne dagen med sine nære og kjære. Også i denne delen av Øygarden var det menneske som betalte den høgaste prisen, ja som det står; dei gav livet til pris for vår fridom, sa Dāvøy. Gamleordføraren i tidlegare Øygarden kommune, Børge Haugetun, seier at minnesteinen ved Hjelme gamle kyrkje vart sett opp første søndag i november 1947, det vil seia på allehelgens dag. På steinen er det oppført dei seks personane frå Hjelme som fall under krigen.

Blomvåg

Ved minnesteinen ved Blomvåg kyrkje, var det ordførar Tom Georg Indrevik som talte. Han sa at vi i dag heidrar dei som sette livet på spel i kampen for fridomen vår i dei fem lange okkupasjonsåra.

Men det er ikkje mange veteranar igjen frå andre verdskrigen. Difor var det ekstra flott å få vera saman med Jakob Strandheim frå Øygarden då han fylte 100 år i februar, sa ordføraren. Strandheim var med i Shetlandsgjengen og frakta agentar og flyktningar mellom heimlandet og Shetland.

Minnesteinen ved Blomvåg kyrkje vart sett opp 11. juni 1948. Her er alle dei 17 som fall under krigen frå området mellom Solsvik og Tjeldstø/Alvheim rissa inn.



Hogne har ordet

Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



På ungdomsklubben Refuel syng vi ein song som heiter «Lion and the lamb», løva og lammet. I Bibelen vert Jesus beskrive som begge delar, både ei løve og eit lam. Vi kjenner igjen det same bildet frå C.S. Lewis sin bokserie om Narnia. Der er løva Aslan eit bilete på Jesus, men når dei møter Aslan til slutt i «Reisen til det ytterste hav», så er han eit lam.

Vi forstår at Jesus har fleire sider og fleire roller. Når vi tenker på løva, tenker vi på styrke og makt. Og Jesus har virkelig styrke og makt. Han har all makt i himmel og på jord. Når vi tenker på lammet, tenker vi på noko uskuldig, noko reint, men også ganske sårbar. Jesus er slik også. Han er heilt utan skuld og gjorde seg sårbar då han kom til jorda og døydde på ein kross.

Når vi syng songen Lion and the lamb, ønsker eg å hugse på begge desse sidene av Jesus. For meg vert det ei hjelp til å forstå kor fantastisk det er, det Jesus gjorde for oss. Han er den mektigaste. Han er den som har all makt. Ein dag kjem han igjen og då skal vi få sjå han som han er. Likevel, då Jesus kom til jorda for 2000 år sidan, gjorde han seg svak som eit lam. Frivillig, for å døy for deg og meg.

*Han ble mishandlet,
han ble plaget,
og han åpnet ikke munnen,
lik et lam som føres bort for å slaktes,
lik en sau som tier når den klippes,
og han åpnet ikke munnen.*

Jesaja 53,7

Dette skjer

Med atterhald om endringar og avlysingar.

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

3. oktober:	Leirdag 1. klasse
4. oktober:	Leirdag 2. klasse
7.-8. november:	3. klasseleir
4.-6. desember:	4. klasseleir

REFUEL

4. september
18. september
2. oktober
16. oktober
30. oktober
13. november
27. november
11. desember

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

28. august
11. september
25. september
9. oktober
23. oktober
6. november
20. november
4. desember

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane. Ta kontakt om du vil delta frivillig.

v:pps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

 Home-Start Familiekontakten
 Vil du hjelpe en barnefamilie?
 Gratis kurs for frivillige starter i september.
 Kurs 5 tirs. ettermiddag, + 1 lør. Påmelding og mer info:
 Tlf. 464 20 469/464 26 463 - VELKOMMEN



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
 Tlf. 9185 6258



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass


BLOM SERVICESENTER AS

 5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
 Godkjent bilverksted

Sotra Omegn
 BEGRAVELSESBYRÅ
 - En del av Koba Christensen gruppen
 Ditt begravningsbyrå på Sotra.
 Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.
 Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
 TLF 56 32 08 90 hele døgnet
 Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Din lokale elektriker!

 Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
 T: 400 30 210
 post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

Vi formidler blomster til innland og utland

 INTERFLORA
Blomsterbua
 Rong senter
 Telefon : 56 38 92 65
 Postboks 107, 5331 Rong

Fag Revisjon as
 Revisjon & regnskap
 Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
 eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no
 Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no


 - ei rein og skjær handleglede ved havgapet!
 Ferskvarespesialisten
 Velsmakende varmmat
 Fristende frukt og grønt
 Nydelige nystekte bakervarer
 Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20
 SPAR Rong tlf. 56 38 71 40


 Installasjon industri, bolig
 Data- og telenett
 Alarmanlegg
 Antenne/parabolannlegg
 Elektroverksted
 Elektrisk forretning
Tlf. 56 38 50 00
 Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

Bergen Omegn
 BEGRAVELSEHJELP
 POLDEN
 - vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
 for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

 Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje
Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no
AVD. BERGEN
 Teatergt. 20
 5010 Bergen
 Tlf: 55 21 44 50
AVD. SOTRA
 2.etg på Shellstasjonen
 Sartor, 5353 Straume
 Tlf: 55 21 44 50


**Kjøp kjapt,
 trygt
 og billig**

 Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
 Mandag – lørdag
 kl. 07.00–23.00


Asane Begravningsbyrå AS
 v/Johannes Blom
 Vi står til teneste med alt vedr. gravferd
 Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
 Døgnavt tlf.: 5518 9000

Solstrands
 Begravningsbyrå as
 Vårt avdelingskontor på Sotra
 Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
 Vår erfaring - din trygghet 


TORSVIK MUR
 Alt i mur, puss og flisearbeid
 Rehabilitering/fornyning av
 gamle skorsteiner/piper
 Vidar Vik Torsvik
 murer
 Dalekletten 44
 5337 Rong
 Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com


NORGESHUS NORGESHUS
 TH Bhas Bygg 
 Telefon: 56382804 - Pålsetet 2, 5337 Rong
 e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Montér
 Øygarden Byggsenter AS
 Pålsetet 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
 Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
 lørd 09.00-14.00

Ønsker du sol hjem?
 Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
 Vi forhandler også solariumskrem og -briller
B-P-S Solutleige
 v/Arvid Rong 5337 Rong
 Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
 Mobil: 918 56 258

Øygarden
 elektriske as
 Tlf: 56 38 24 40
 Fax: 56 38 24 41
 Mobil: 928 41 790
 E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Vest Modul AS
 5336 Tjeldstø

 • Tilbygg
 • Nybygg
 • Rehabilitering
 • Montering og utleige av brakker
 Trelastlager Tjeldstø
 Normann 958 19 905
 Ingvard 958 10 967

Minneord

Tysdag 3. mars døydde Vilhelm Overå frå oss, 71 år gammal.

I 34 år, fram til han vart 70 år gammal, tente han som sokneprest i Osterfjorden.

Me minnest han som det gode menneske, den folkekjæraste og varmaste presten.

Gud har venta på Vilhelm, gledd seg til at han skulle koma heim til Gud i den ljose himmelstova.

Gud har lengta etter å snakka med Vilhelm, få høyre dei kloke orda, le godt og lenge av dei gode historiene hans og nyta den gode humoren.

Gud ber nok Vilhelm ta fram trekkspillet også, ber han spele fengjande musikk. Litt jazz for det likar dei begge.

Me trur Gud vil be Vilhelm spele «What shall we do with the drunken sailor», slik han gjorde på konfirmasjonsfestane her hjå oss.

Og så tek dei to den djupe praten om nett det, kva skal dei gjera.

Vilhelm, var potetpresten vår, kan hende den beste folkeopplysningspresten i vår tid. Han belærte ikkje, men han lærte oss.

Me lærte noko nytt kvar gong Vilhelm heldt preik. Vilhelm fekk oss til å kjenna oss kloke og opplyste, og han brukte humor



for å sikra at kunnskapen sat i minnet for ettertid.

Vilhelm gjekk ofte inn i orda, tydingane av dei, og han gjekk grundig til verks. Vilhelm gav oss kloke leksjonar. Han dreiv med danning. Han bygde menneske, gagns menneske. Vilhelm hadde stor tru på folket og deira evne til å ta til seg, forstå og handle etter kunnskapen dei hadde og fekk.

Vilhelm gjorde det av kjærleik til folket, det lyste av han når han såg utover kyrkjelyden,

anten det var ein liten flokk eller ei fullsett kyrkje. Alle var like velkomen.

Det hende etter gode gudstenester med flott musikk og glitrande preik at Vilhelm takka for stunda og fekk applaus.

Folk klappa spontant for den velsigna høgtida og den gode stemninga som han skapte. Slike stunder levde både Vilhelm og me på lenge.

Vilhelm, hadde eit lag med alle, dei små dåpsborna, skuleelevane, vaksne og eldre. Alle fekk dei noko hjå han, og alle viste dei korleis dei sette pris på han. Vilhelm var heilt unik.

Me takkar Vilhelm for alt han stod for, alt han gjorde, alt han kjempa for.

Ei kyrkje for alle, ei kyrkje å kjenna seg heime i.

Takk for at me fekk ha gode Vilhelm så lenge her i Osterfjorden, no unner me han kvile og eit godt og evig liv i himmelstova.

For sokneborna i Osterfjorden

Irene Femanger, Inger Helen Midtgård, Magne Titland, Kjell Harald Nedreaas, Silje Smådal, Tore Svendsen og Sigmund Grønnevik.

Ein god del i Øygarden kjente Vilhelm, og ØyNytt tek difor inn dette minneordet.

Til lukke

70 år

- 10. juni Lars Vik, Knappestigen 11
- 17. juni Wenche Nielsen Dale, Dalevegen 30
- 20. juni Bjørn Agnar Olsen, Stormyrvegen 82
- 29. juni Aage Lenart Rougnø, Tangelevikvegen 35
- 3. juli Henning Bjørn Hansen, Løtevegen 45
- 29. juli Kirsten Flåten, Høyen 24
- 9. aug Knut-Kristian Semshaug, Åkletten 1
- 11. aug Magne Bjørn Johnsen, Bølgekraftvegen 1
- 16. aug Inger Helen Hellesund, Skjoldingsneset 16
- 28. aug Odd Bjarne Dale, Sjurvika 11
- 3. sept Tor Helge Magnussen, Nautnesvegen 14A

75 år

- 13. juni Kåre Daniel Torsvik, Knappevegen 37
- 19. juni Marit Elisabeth Herdlevær, Nordgardsneset 17
- 22. juni Kjellaug Oen, Svartemyrvegen 11
- 29. juni Egil Inderøy, Torsvikvegen 14
- 21. juli Nancy Høyland, Kvalen 26
- 25. juli Sigrid Breivik, Ternholmvegen 53
- 4. aug Kirsten Marthinussen, Rossnesvegen 9
- 18. aug Einar Carstein Sæle, Sjøneset 16
- 22. aug Asbjørn Toft, Vestrevegen 74

80 år

- 7. juni Jorunn H. Torkelsen, Nordvik 11
- 10. juni Anne Karin Blom, Blomåsen 21
- 22. juli Odd Rong, Vardane 11
- 28. aug Per Vik, Vikavågen 11

85 år

- 6. juni Nelborg Oliva Wilhelmsen, Ternholmvegen 51L
- 11. juni John Otto Dale, Dalevegen 54
- 21. juni Oddlaug Hellesund, Rossnesvegen 18
- 26. juni Kirsten Judit Sæle, Blomøyvegen 163

- 18. aug Arne Sigmund Ulvolden, Perhusbakken 22
- 22. aug Reidar Birger Rong, Austemarka 4
- 24. aug Anna Rong, Moldbrekkene 34

90 år

- 8. juli Signe Ingrid Sæle, Blomøyvegen 157
- 19. juli Bjørg Alvheim, Gjerdevegen 11
- 23. juli Ingeborg Marie Kårbø, Dammane 1

95 år

- 25. juli Marie Johanne Hellesøy, Methøyen 3
- 4. aug Borgny Oline Torsvik, Solbakkvegen 36
- 5. aug Magnus Oen, Særberget 44

Døypte

Blomvåg

- Lykke Victoria Sørli, Solvang
- Sophie Blom Breivik, Ågotnes

Døde

Blomvåg

- Reidar Rongevær, Knappevegen, f. 1953
- Konrad Birkehaug Solsvik, Vågsneset, f. 2020
- Elias Birkehaug Solsvik, Vågsneset, f. 2020
- Svern Henning Sæle, Haugetunsvegen, f. 1943
- Peder Rolf Fjeldstad, Dammane, f. 1932

Hjelme

- Svein Skjold, Kolltveit, f. 1943
- Anni Hetlevik, Ternholvegen, f. 1933
- Steinar Kjell Breivik, Svellingen, f. 1961

Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

7. juni kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd

14. juni kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til NLM. Nattverd

21. juni kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Normisjon. Nattverd

28. juni kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd

5. juli kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.

12. juli kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til NLA-høgskulen. Nattverd.

19. og 26. jule – Ferie

2. aug kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd

9. aug kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste. Offer til Sygna vgs. Nattverd

16. aug kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste. Offer til Den norske Israelsmisjon. Nattverd

23. aug kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste. Offer til LAGET. Nattverd

30. aug kl. 11.00 – Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Presentasjon av dei nye konfirmantane. Offer til KRIK

5. sept kl. 10.30 og kl. 13.00 – Blomvåg kyrkje

Konfirmasjonsgudstenester ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

6. sept kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Presentasjon av dei nye konfirmantane. Offer til NLM-Ung

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS MELDING

SOS CHAT

SOS
22 40 00 40

KIRKENS SOS

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Hjelme og Blomvåk sokn:
Hammer transport, tlf. 92063006

Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåk sokn:
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Glimt frå 17. mai markering og kransnedlegging ved Blomvåg kyrkje

